

Kulturdepartementet
Kyrkjeavdelinga
Postboks 884, Dep
0030 OSLO

HØYRINGSUTTALE VEDR. NOU 2014:2 LIK OG LIKSKAP

Strand kyrkjeleg fellesråd gjorde i møte 17.09.2014 følgjande vedtak i sak 38-14 å senda inn følgjande uttale til *NOU 2014:2 Lik og Likskap*:

Lik og Likskap set fokus på innbyggjarane sine rettigheter. Det blir tatt til orde for eit likebehandlingsprinsipp som også skal gjelda dei økonomiske konsekvensane som følger av val av gravferdsform og stad for gravlegging. Denne tilnærminga er med på å understreka gravferdsforvaltninga si rolle som offentleg tenesteytar.

Utvalet sine forslag baserer seg i stor grad på dette utgangspunktet der fokus på likskap og valfridom for den enkelte er sentrale bærebjelkar.

Utvalet sitt oppdrag var å greia ut:

- Økonomisk likestilling mellom kremasjon og kistegravlegging.
- Utviding av retten til grav utanfor bustadkommunen.
- Ordninga med feste av grav.
- Behovet for endringar i avgiftssystemet på gravferdssektoren.

Seks prinsipp:

Utvalet har i si utgreiing slått fast seks prinsipp for gravferdslovgivinga :


1. Gravlegging er eit offentleg ansvar og skal vera utan kostnad for dei etterlatte.
2. Gravplassane skal vera allmenne, dvs. felles for alle.
3. Forvaltninga skal leggja til rette for at gravlegging skjer med respekt for personleg livssyn og i tråd med føringane til vedkommande sitt livssynssamfunn.
4. Lovgivinga skal likestille gravferdsformene og ikkje stimulera til å velja den eine framfor den andre.
5. Eitt menneske får ei grav.
6. Med tida blir grava sletta og gravminnet tatt bort.

Strand kyrkjeleg fellesråd støttar utvalet sine seks prinsipp for gravferdslovgivinga.

Hovudforslag i NOUen er som følgjer:

1) Kremasjonsavgifta for pårørande vert fjerna.

Ei oppheving av kremasjonsavgifta er eit viktig grep for likestilling av gravferdsformene. Ut frå eit brukarperspektiv er dette svært positivt. I Strand har fellesrådet nedfelt at eigendelen til pårørande for kremasjon skal vera kr 1600. Per 5. september er det bare gjennomført ein kremasjon i Strand i 2014, vanlegvis ligg talet på mellom 3 og 5 i året. Likevel må ein vera merksam på at dersom kremasjonsavgifta forsvinn, vil dette kunne føra til auka kremasjonsprosent mange stader. Vidare vil talet på kremasjonar kunna variera ein del lokalt frå år til år.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeverja i Strand

Strand kyrkjeleg fellesråd støttar at kremasjonsavgifta vert fjerna og at ordninga med båretransport til krematoriet vert dekkja av forvaltninga.

2) 20 års fri grav til alle. Ved gravlegging i festa grav vert det gitt 20 avgiftsfrie år.

Forslaget om 20 avgiftsfrie år ved gravlegging i festegrav, er av mange grunnar eit godt forslag. Mange har opplevd det vanskeleg å forklara etterlatte kvifor ei grav som forvaltninga vel ut er gratis, mens festeavgifta held fram å løpa ved gravlegging i ei allereie festa grav. Like fullt vil ei slik omlegging føra til tapte inntekter for forvaltningane. Desse er meint dekkja inn gjennom auke i overføringar, men det kan bli ei utfordring å synleggjera tapet på ein god måte. For forvaltningar som har etablert eit visst nivå på festeavgifta og god oversikt over festeavtalene – som hos oss her i Strand – bør det vera handterleg å synleggjera inntektssvikten omlegginga vil medføre.

Strand kyrkjeleg fellesråd støttar forslaget om 20 års frigrav for alle. Men dei praktiske konsekvensane av nyordninga må tydelegare avklarast.

3) Retten til fri grav vert ikkje knytta til bustadkommune.

Forslaget inneber at folk kan gravleggjast i den kommunen dei ønskjer. Forvaltninga i kommunen kor avdøde var folkeregistrert betaler ei fastsett avgift til mottakarforvaltninga. Forvaltningane kan ikkje reservera seg mot dette. Bortfall av avgifter kan påverka folk sine val. Dette kan det bli vanskeleg å byggja inn i budsjetta i ein startfase. Særleg i mindre forvaltningar vil dette kunna bli ei utfordring. For dei aller minste forvaltningane kan avgifta for ein enkelt kremasjon, eller ein rekning for ei gravlegging i annan kommune, utgjera ein betydeleg kostnad.

Ein reknar med at ca. 8 pst. av gravleggingane skjer i en annan kommune enn der avdøde var folkeregistrert ved dødsfallet, og at utanbygds gravlegging er dyrare for dei etterlatte.


Strand kyrkjeleg fellesråd meiner at oppgjeret mellom dei involverte forvaltningane bør skje etter ein nasjonal fastsett standardsats, framfor at dei etterlatte må betala. Denne nyordninga vil måtta ha nokre avgrensingar. Gravferdsforvaltninga i ein gitt kommune må ha plikt til å ta imot for gravlegging, men det må vera den lokale forvaltninga som anviser plass (også kva for ein gravplass/kyrkjegard). Til dømes er det i Sandnes og Bergen ikkje fritt «gravplassval» for eigne innbyggjarar.

Strand kyrkjeleg fellesråd støttar forslaget om at retten til fri grav ikkje blir knytta til bustadkommunen. Men dei praktiske konsekvensane av nyordninga må tydelegare avklarast.

4) Same festeavgift for alle graver i same kommunen. Skal ikkje skilja mellom urne- og kistegraver.

I Strand er det i dag same festeavgift (kr 200 i året) for alle graver/urnegraver på alle gravplassar. Men prinsipielt er det slik at dersom fellesrådet blir låst til lik festeavgift for alle graver i kommunen, mistar ein eit virkemiddel når det gjeld påverknad av folk sine val av gravstad. Plassmangel, kulturminnevern eller jordforhold eller andre praktiske faktorar kan gjera det ønskeleg for fellesrådet å prisa enkelte kategoriar graver særskilt. Fastsetting av festeavgift kan også vera eit virkemiddel for å byggja opp under nyvinningar og ønske om kontroll på langsiktig utvikling av gravplassanlegget. Ulike former for namna minnelund, «førehandsmøblerte» felt og eventuelle kolumbarier er eksempel på slike tiltak. Her ligg ei grunnleggjande avveging mellom omsynet til likskapsprinsippet og fellesråda sitt politiske handlingsrom og mulegheit til tenesteutvikling. Det er grunn til å diskutera om ikkje denne avveginga bør gjerast lokalt framfor gjennom eit pålegg i eit sentralt regelverk.

Strand kyrkjeleg fellesråd er usamd i forslaget om eit sentralt pålegg for å sikra same festeavgift for alle graver/urnegraver i ein kommune. Avveginga mellom likskapsprinsippet og forvaltningane sitt styringsrom når det gjeld festeavgifter, bør gjerast lokalt.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeverja i Strand

Andre forslag som ligg utanfor mandatet men som likevel er tatt med i *Lik og Likskap*:

a) Fylkesmannen overtar rolla som statleg myndighet og ankeinstans etter bispedømmerådet. KA sin politikk er at fellesråda også i framtida skal være gravferdsmyndighet for alle. For å ivareta denne oppgåva er fellesråda avhengige av at samfunnet rundt oss finn ordninga legitim. Med utgangspunkt i dette omsynet synest ei overføring av godkjenningsmyndigheten og rolla som ankeinstans frå bispedømmerådet til fylkesmannen framtidsretta og føremålstenleg.

Strand kyrkjeleg fellesråd støttar dette forslaget.

b) Ansvar for behandling av søknader om askespreiing blir overtatt av den lokale gravferdsmyndighet. Utvalet føreslår at vilkåra for askespreiing skal framgå meir direkte av gravferdslova, og at behandlinga av søknader om askespreiing vert lagt til den lokale gravplassforvaltninga, med Fylkesmannen som klageinstans.

Strand kyrkjeleg fellesråd støttar dette forslaget.

c) Vurdering av godkjenningsordning av gravferdsbyrå. Gravferdsbyrå gjer generelt ein god jobb og yt viktige tenester til pårørande. Likevel er det slik at byråa inngår relativt store økonomiske avtalar/forpliktingar med menneske i ein sårbar situasjon.

Strand kyrkjeleg fellesråd meiner at dette tilseier at det bør vurderast å innføra ei godkjenningsordning/løyve for gravferdsbyråa.

d) Det vert opna for gravlegging i kolumbarium (gravstader i høgda) Prinsippet i handteringa av døde i Norge har vore at den døde skal tilbake til jorda for å brytast ned, anten det er snakk om kistegravlegging, kremasjon med urne eller askespreiing. Kolumbarium er ei ordning der den døde (i form av ei urne) blir oppbevart i ein ukjent periode utan å gå tilbake til naturen. Det vil i så fall vera å innføra ein nytt prinsipp i Norge.

Strand kyrkjeleg fellesråd meiner at det ikkje bør opnast opp for gravlegging i kolumbarium i Norge.

e) Todeling av fellesrådet sitt rekneskap NOUen tar til orde for ei todeling av fellesrådet sitt rekneskap. Eit for kyrkjeleg verksemd og eit for gravferdsforvaltninga. Dette for å tydeleggjera kommunane sitt økonomiske ansvar og fellesråda si særskilte, todelte rolle. Mykje talar for at ei slik todeling vil kunna bidra til å styrkja gravferdsverksemda lokalt og bidra til at dagens ordning med fellesrådet som gravferdsmyndighet vert vidareført.

Strand kyrkjeleg fellesråd støttar dette forslaget.


To andre sentrale problemstillingar i *Lik og Likskap*:

1) Kompensasjon til gravferdsforvaltningane

Der NOUen føreslår endringar som vil påføra forvaltningane vesentleg auka utgifter, ligg det føringar for at dette skal kompenseras gjennom tilsvarende auke i overføringane.

Som ein konsekvens av utvalet sine forslag om å oppheve heimlar for brukarbetaling, anslår utvalet eit samla inntektsbortfall for gravferdsforvaltninga på 104,3 mill. kroner på landsbasis. Dette blir føreslått kompensert gjennom auka rammeoverføringar til kommunane etter den generelle kostnadsnøkkel.

Utvalet legg til grunn at kommunane då vil auka overføringane til de kyrkjelege fellesråda si gravplassforvaltning i tråd med dei lokale behova.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeverja i Strand

Strand kyrkjeleg fellesråd vil påpeika at kommunane/fellesråda sine meirkostnader og inntektsbortfall ved desse forslaga må kompensast.

2) Gravplassen er eit offentleg rom – for alle

Lik og Likskap tar til orde for at gravplassforvaltninga leggje til grunn Stålsett-utvalets prinsipp 8 for ein heilskapleg livssynspolitik: «*Alle bør akseptere å bli eksponert for andres tros- og livssynspraksis i det offentlige rom*», (sjå NOU 2013: 1 punkt 9.8). Gravplassen er eit offentleg rom, og ei grav med eit kristent symbol kan stå ved sida av ei grav med eit humanistisk symbol, slår utgreiinga fast. Nokre stader har gravplassforvaltninga av tradisjon eller god vilje lagt til rette for at avlidne av ein religion blir lagde på same gravfelt, men gravplassforvaltninga har ikkje plikt til å reservere delar av gravplassen til medlemmer av visse livssynssamfunn. Det blir også konstatert i *Lik og Likskap* at for Human-Etisk Forbund er det inga utfordring at gravplassar er vigsla. I sum betyr dette at ein i høyringa går heilt vekk frå tanken om eigne gravfelt for andre trus- og livssynssamfunn. Dette meiner kyrkjeverja er ei fornuftig tilnærming, både prinsipielt og praktisk/økonomisk.

Strand kyrkjeleg fellesråd støttar prinsippet om at gravplassen er eit offentleg rom, og at gravplassforvaltninga ikkje skal ha plikt til å reservere delar av gravplassen til medlemmer av visse livssynssamfunn.

Jørpeland 26. september 2014

Trond Hjorteland
kyrkjeverje